



SAMNANGER KOMMUNE

Rådmann

Til:

Karl Kollbotn

Notat

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2023/3141-191	Ove Sæbø	03.09.2026

Svar på interpellasjon - samarbeid med ukrainsk kommune

Viser til interpellasjon frå Camilla S. Hisdal (MDG) motteken 02.09.26 – samarbeid med ukrainsk kommune.

I framlegg til vedtak vert rådmannen bedt om å etablere samarbeid med ukrainsk kommune.

I rettleiar frå KS ([Veileder for kommunesamarbeid i Ukraina - Hjem](#)) er det vist til sentrale område som kommunar bør ta stilling til når ein skal inn i eit slikt samarbeid. Tema som korleis finne fram til ein passende kommune i Ukraina, korleis ein samarbeidsavtale bør sjå ut, døme på aktivitetar i ein samarbeidsmodell, suksesskriterar for å lukkast med samarbeidet m.m.

Dersom kommunestyret ynskjer å gå vidare og realitetshandsame interpellasjonen føreslår rådmannen at kommunestyret vurderer å be rådmannen komme attende med sak slik at kommunestyret får høve til å drøfte og ta stilling til korleis kommunen best kan etablere eit godt samarbeid med ukrainsk kommune.

Med helsing

Ove Sæbø
rådmann

